

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 17

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Reidar Røge

(adresse): Nå

Fylke: Hordaland

Herad: Ulensvang

Bygdelag: Lirdjorden

Gard: Røge

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Vilhelm Røge, Nå. Noke etter eiga røynsle

## SVAR

1. Me vit ikkje om at her har vore noko samnamn på dei ymse slag tre utanom høget.
2. Dei hadde ikkje noko samnamn på skav, beit og brom.
3. Tjerningsordet skava byrder dei slik: i skava - skjov - skov - skaver.
4. For nytta dei skav til krøter for her i bygda. No er det meir stutt med det. Dei skov kvart år.
5. Dei skov alle slag laivtre utan om og hegg og bartre.
6. Namnet skav var nytta om barken av alle slag tre som var skavne.
7. Me kjemner ikkje noko rim som fortel korleis det er med godhiken på dei ymse treslag.
8. Det var iser kyrne som fekk skavet.
9. Dei fekk meir mjølk når kyrne fekk skav. Dei fekk stiv rjeme og gult smør.

10. For det neste skov dei berre den veden dei likevel skulde ha til høuset.

11. Dei hadde ikkje noko sers namn på den veden dei skov.

13. Gjermingsordet marka har vore brukt her. Det tyder å samla bit og brom. Det betyr slik: å marka - markaa marka - marka.

14. Skov henta dei om vinteren. Me vit ikkje om at det har vore skikk at karfolka skulde i skogen på fastande hjarta og henta skov langfredag.

15. Når det var kaldt, skov dei inne i stova, eller heldt dei til ute med dette arbeidet.

16. Dei nytta både bandakniv og ljå til å skava med.

Bandakniven er ein byggl kniv med to handtak, eit i kvar ende.

14. Store stokkar let dei liggja på marka når dei skov dei.

Desse skov dei med bandakniv.

Veda-skier skov dei med ljå. Dei heldt ljåen for sine knut og så drog dei skia til seg under ljåen.

18. Me kjenner ikkje ordet skov-hel.

19. Bandakniven heldt dei med begge nevene. Når dei skov

3  
med lja, heldt dei ljaen med  
eine handa og skid med den  
andre.

20. Vedem dei skov kalla dei  
mork.

21. Den borkem dei skov av  
kalla dei skav.

22. Dei skov både tunne kjeppar  
og ved av store tre.

23. Kjeppane som dei hadde  
skave kalla dei for "sperck".

Ordet "sperck" vart ikkje brukte  
i flirtal. Dei hadde ikkje  
ulike namn på kjeppane eller  
spjekklikem.

24. Dei skov alle borkem inn  
til vedem. De har ikkje høyr  
gjete at sume var flinkare  
enn andre til å skave.

25. Den vedem som vart  
av-skava, vart rekna for god  
ved. Dei nytta den mykje  
til bakstved, men også til  
annan hused.

26. Her slutta dei å skava  
for 20-30 år sidan.